**AUSTRHEIM KOMMUNE**
Plan, bygg, oppmåling og miljø

Anita Øksnes
Georgernes Verft 18
5011 BERGEN

| Dykkar ref.: | Vår ref.: | Dato: |
|---|---|---|
| | 21/533 - 12 / ANT | 28.01.2022 |

# Grunneigarmøte om veg til næringsområde i Øksnesmarka - Referat frå møte den 27. januar 2022

**Grunneigarmøtet vart halde den torsdag 27.01 - 2022**

**Møtet vart halde i kantina på kommunehuset i Austrheim kommune**

## Til stades var:

**Grunneigarrepresentantar i Øksnesmarka:**

Odd Haugen

Kåre Øksnes

Audun Øksnes

Maudfrid Straume Øksnes

Gunnar Sætre

Irene Rebnor Sangolt

Terje Rebnor

Roy Øksnes

Sigfrid Øksnes

Per Lerøy, ordførar i Austrheim kommune

Asbjørn Nagell Toft, plansjef i Austrheim kommune

Aage Kolderup Michelsen, advokat HLT Advokatfirma AS

Ordførar Per Lerøy ynskte velkomen til møte.

1.Asbjørn Nagell Toft frå Austrheim kommune fortalde om planprosessen og om ståa i planarbeidet til reguleringsplanarbeidet med næringsområdet i Øksnesmarka. Verksemda Multiconsult AS er hyra inn som planfirma av Odd Haugen.

2.Aage Kolderup Michelsen, advokat i HLT Advokatfirma AS i Bergen viste eit kart over kor vegtrase kan gå til næringsområdet i Øksnesmarka. Kart av forslag til veg til Næringsområdet vart vist fram, det vert ettersendt.

3.Aage Kolderup Michelsen, advokat i HLT advokatfirma AS i Bergen viste ein oversiktleg presentasjon av korleis ein vegavtale/vegrett kan sjå ut. Dette er ein avtale frå eigedom til eigedom.

Aage Kolderup Michelsen forklarte at ein vegavtale må på plass før vegen kan byggjast, det gjeld og reguleringsplanen. Odd Haugen ynskjer sjølvsagt friviljuge avtalar med grunneigarar. Vegavtale/vegrett må såleis formelt på plass med alle grunneigarar som:

1.-Avtale med grunneigar (signatur)

2.-Ekspropiering/oreigning om vegrett kan vedtakast gjennom eit kommunestyrevedtak i Austrheim kommune.

Ein vegavtale skal vera fornuftig og vera ein kompensasjon for vegrett.

Advokaten viste eit forslag på korleis ein vegavtale kan vera. Det vert ein tinglyst vegavtale som omhandlar det vesentlege i avtalen. Mindre tilpassingar av trase kan avtalefestast. Vedlikehald og anleggsverksemd vert og regulert inn i avtalen.

Forslag til vegavtale vert ettersendt til møtelyden. 10 tonn akseltrykk vart vist her som eit eksempel i denne avtalen.Toppdekke vart det vist til her.

Møtelyden drøfta saka. Skal dette verta ein veg til nytt fjøs, spørsmål kom frå Terje Rebnor. Det kan søkjast om bygging av landbruksveg, det betingar at grunneigarar der vegtrasenen går er samde og skriv under på søknaden. Alle som eig landbrukseigedomar kan søkja om bygging av landbruksveg i LNF-område. Det betingar nytte for landbruket. Driftsbygning er det gjeve løyve til her, opplyste Odd Haugen.

Odd Haugen etablerer avkøyringar langs vegen for grunneigar i området som ynskjer det og tek kostnaden med det. Kommunen informerte om at det er positivt om dette vert regulert inn i reguleringsplanen og på plankartet. Under planprosessen kan alle koma med innspel eller merknad kor avkøyringane til deira teigar bør vera.

Veglag bør etablerast i området. Eit vedlagt vedtek vedtekter om pliktar og rettar og korleis vedlikehald og investeringar på vegen skal vera. Det er viktig å få denne på plass før eller seinare. Intensjonsavtale kan og lagast her. Når vegen er ferdigbygd er det alltid fint å ha veglag på plass.

Eingangskompensasjon for vegrett/vegavtale vil verta betalt ut i forhold til vegareal/ulempe som vert bygd på kvar eigedom.

Ordførar Per Lerøy måtte forlata møtet kl. 19.00. Møtet vart avslutta kl. 20.00.

Asbjørn Nagell Toft (referatskrivar)

*PS: Merknad til referatet kan sendast innan mandag den 31. januar kl. 22.00.*

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Vedlegg:**
Skisse til vegavtale og kart over mogeleg veg til næringsområdet
Avtale om etablering av veianlegg mv.
Kart

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Aage Kolderup Michelsen, Anita Øksnes, Audun Harald Øksnes, Ernst Øksnes, Esther Øksnes, Geirmund Øksnes Hopland, Henning Rebnord, Inger Turid Øksnes, Irene Rebnor Sangolt, Jørgen Rebnord, Kåre Monrad Øksnes, Norconsult AS, Odd Haugen, Per Lerøy, Preben Rebnord, Randi Øksnes, Rolf-Henning Myrmel, Sigfrid Jorunn Øksnes, Sofie Skoge, Terje Rebnor, Tove Iren Sætre, William Rebnord | Georgernes Verft 18 | 5011 | BERGEN |
| Anita Øksnes | Øksnesvegen 194 | 5943 | AUSTRHEIM |
| Audun Harald Øksnes | Sætervegen 4 M | 5236 | RÅDAL |
| Ernst Øksnes | Øksnesvegen 60 | 5943 | AUSTRHEIM |
| Esther Øksnes | Ravnestølen 101 | 5170 | BJØRNDALSTRÆ |
| Geirmund Øksnes Hopland | Kråkenestoppen 68 | 5153 | BØNES |
| Henning Rebnord | Øksnesvegen 163 | 5943 | AUSTRHEIM |
| Inger Turid Øksnes | Skansen 10 | 5382 | SKOGSVÅG |
| Irene Rebnor Sangolt | Hjellevegen 95 | 5211 | OS |
| Jørgen Rebnord | Øksnesvegen 60 | 5943 | AUSTRHEIM |
| Kåre Monrad Øksnes | Postboks 514 | 6803 | FØRDE |
| Norconsult AS | | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Odd Haugen | Lerøyvegen 156 | 5943 | AUSTRHEIM |
| Per Lerøy | Skeismyra 44 | 5217 | HAGAVIK |
| Preben Rebnord | Lyngmarka 22 | 5911 | ALVERSUND |
| Randi Øksnes | | | |
| Rolf-Henning Myrmel | Rebnorsvågen 28 | 5943 | AUSTRHEIM |
| Sigfrid Jorunn Øksnes | Lerums vei 23 | 5178 | LODDEFJORD |
| Sofie Skoge | Torvmyrvegen 4 | 5382 | SKOGSVÅG |
| Terje Rebnor | Rebnor 30 | 5943 | AUSTRHEIM |
| Tove Iren Sætre | Bendixens vei 55 | 5067 | BERGEN |
| William Rebnord | | | |